



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 08.02.2017

Vår ref.: 2017/1768

Arkivnr.: 432.4

Adresseliste grunneigarar og andre partar

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmrospost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal høyring forvaltningsplan for Norheimsøy og Lamholmen naturreservat, Finnøy, Rogaland.

Norheimsøy og Lamholmen naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon i 1982 som ein lokalitet innanfor verneplan for sjøfugl i Rogaland. Føremålet med fredinga er å ta vare på ein viktig sjøfugllokalitet med dei plantesamfunn og dyreartar som naturleg er knytt til området, særleg ut frå omsynet til sjøfuglane og deira hekkeplassar.

Forvaltningsansvaret for verneområdet ligg hos Fylkesmannen i Rogaland. I dette ligg også ansvaret med å utarbeide forvaltningsplan etter nasjonal standard. For å sikre naturverdiene i området, finst det vernereglar som styrer kva som er lov eller ikkje innanfor naturreservatet. Forvaltningsplanen klargjer korleis vernereglane skal tolkast, vidare kva for bevaringsmål som forvaltinga skal legge til grunn i praktisk forvaltning, og aktuelle praktiske tiltak for å fremje verneverdiene på kort og lang sikt.

Forvaltningsplanen skal ikkje skjerpa eller svekka vernereglane, men klargjera rammene og den vidare bruken og forvaltninga av området. Den er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov. Det er eit mål at forvaltinga skal vere mest mogleg fleksibel og utan unødige konflikhtar med tradisjonelle brukarinteresser.

Fylkesmannen viser til vedlagt planutkast. Vi ber om at eventuelle merknader til innhaldet vert sendt Fylkesmannen i Rogaland innan fristen for uttale sett til 17. mars 2017. Uttalane kan sendast pr. post eller til epost-adresse fmrospa@fylkesmannen.no.

Etter høyringsfristen vil Fylkesmannen oppsummere og vurdere merknadene, og om naudsynt revidere innhaldet, og ferdigstille forvaltningsplanen. Den vil bli lagt til grunn for framtidig skjøtsel og tiltak i området.

Med helsing

Erik Cockbain
ass. fylkesmiljøvernsjef

Stian Philip Andersen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Stian Philip Andersen
Saksbehandlar telefon: 51568750
E-post: fmrospa@fylkesmannen.no

1 vedlegg:
Utkast til forvaltningsplan